

## Internasjonalt samarbeid om tapte garn

**Tapte faststående fiskereiskapar som garn og teine, kan fiska over lang tid. Undersøkingar viser at dette "spøkjelsesfisket" kan vara i minst tre år på djupt vatn. Gjennom eit EU-prosjekt samarbeider no havforskning og fiskeriforvaltning i Spania, Portugal, Frankrike, Sverige og Noreg om å kartleggja dette uønskete fisket og verknaden av det.**

Sidan tidleg i 1980-åra har Fiskeridirektoratet og Havforskingsinstituttet hatt oppryddingsaksjonar på dei mest brukte fiskefelta. I perioden frå 1983 til 1997 vart det samla inn over 6.700 garn. Eit år, i 1992, vart det teke opp nær 1.200 garn, elles varierer talet frå i underkant av 200 til om lag 700. Dette oppryddingsarbeidet vert finansiert av "Ordingen med fiskeforsøk og veiledningstjeneste", som får løyvingar gjennom den årlege fiskeriavtalen mellom staten og Norges Fiskarlag. På den måten er fiskerinæringa sjølv med og finansierer oppryddinga.

### Meld frå om tapte garn

Oppryddinga vert gjort med ein trålar, og utstyret er ein stålbjelke med kraftige krokar i kjettingar frå bjelken. Det er heller lett å finna att tapte garn med ein oppgjeven posisjon. Men dei aller fleste garna som vert tekne opp, er ikkje meldt tapt.



*I Noreg har vi drive med opprydding av tapte garn sidan tidleg på 1980-talet. No skal ein prøve å finna ut kor mykje tapte garn og teiner fiskar i ulike farvatn i Europa.*

Forvaltninga og forskarane meiner at det finst store "mørketal". Fartøy som misser garn av ulike årsaker vert difor oppmoda om å melda frå om talet på garn og posisjon, slik at spøkjelsesfisket, og dermed fangsttapet, vert minst mogeleg.

## Store utslag på blåkveite

Frå 1995 til 1998 vart det gjort nærare gransk-ingar av eit utval av garn frå oppryddingsaksjonane. Det viser klart at blåkveitegarn, som sto djupast på om lag 600 meter, fiska mykje ny fisk etter å ha stått i både to og tre år. Desse garna hadde også størst samla fangst. Langegarn som sto grunnare, frå 300 til 400 meter, i inntil eitt år, inneheldt også nygått lange, brosme og uer, men andelen gammal fisk var mykje større enn i blåkveitegarna. Torskegarn som hadde stått i eit halvt år på vel 400 meters djup, hadde også forholdsvis store fangstar av nygått blåkveite og uer.

## Kontrollert spøkjelsesfiske

I det internasjonale prosjektet som no er i gang, er eit av måla å finna fram til sikrere tal for fiskeevna til tapte garn og teiner i ulike farvatn. Fangstseksjonen ved Havforskningsinstituttet har difor sett ut garnseriar og teiner som vert kontrollerte. Garna har stått i to, seks og tolv månader. Til saman gjekk forsøket over 18 månader, slik at fisket i garna som sto i to månader fekk ti resultat. Forsøket vart gjort på om lag 200 meters djup ved kysten i Austevoll i Hordaland. I dette prøveområdet viste det seg at fangstevnen i garna vart redusert fort. Fangstraten av nygått fisk var 1,5 etter ein dag. Den var redusert til under 0,1 etter 60 dagar og nær null etter 107 dagar. Samstundes auka det samla talet av krabbe, både daude og levande. Talet på krabbar var dobla frå 38 til 55 dagar. Etter 55 dagar var det om lag 10 gonger så mange levande som daude krabbar. Det aller meste var taskekrabbe. Ikkje uventa sette krabbane seg meir fast i multimonofilament- enn i monofilamentgarn. Det har vore argumentert for at fiskerestar i teiner fører til at fleire fiskar trekkjer til teina. I forsøksteinene gav det ikkje utslag for brosme og lange, som var hovudfangsten. I teinene med fiskerestar var det om lag 1/3 meir krabbe enn i teinene utan fiskerestar. Det vart fanga flest trollkrabbe og taskekrabbe i forsøksteinene. Dei store fisketeinene med to kammer er ein heller ny reiskap i Noreg. Brukstapa har vore svært små samanlikna med andre passive reiskapar.

## Varierende fiskeevne i ulike farvatn

Britiske og amerikanske forsøk på heller grunt vatn viser at straum og bølger etter kort tid vasar garna saman og fangstevna vert sterkt redusert. Sterk algevekst på garna har same effekten. I våre farvatn viser forsøka i Austevoll at garna gror fortare til på 200 meters djup i kystnære farvatn. Problema med tapte garn vert såleis desidert større på større djup der fiskeevna held seg lengre. På grunt vatn er det også lettare å sokna opp garna eller å finna dei igjen med ekkolodd.

---

**Kontaktperson:** Dag M. Furevik, Havforskningsinstituttet, Fangstseksjonen,  
Postboks 1870 Nordnes, N-5817 Bergen. Tlf: +47 55 23 85 00.  
Faks: +47 55 23 68 30. E-post: [Dag.Furevik@imr.no](mailto:Dag.Furevik@imr.no)